



Volda Kommune

Plan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

(Planframlegg til offentlig ettersyn 10.12.2003, Justert handlingsprogram 12.02.2004)



Plan eigengodkjent av Volda kommunestyre i sak 0023/04, den 26.02.2004



Volda Kommune

VOLDA KOMMUNESTYRE

Møtedato: 26.02.04

Sak: 0023/04

Arkivsak: 03/03473

**KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ
PLANREVISJON 2004-2008**

Vedtak samrøystes:

- 1. *Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø slik den framgår av plandokument datert 10.12.2003 med tilhørende handlingsprogram datert 12.02.2004 vert eigengodkjent i samsvar med reglane i PBL § 20-5, og gitt rettsverknad etter PBL § 20-6 første lekk.***

- 2. *Ut frå dei behova som kjem fram i høve til skuleanlegga og dei mulegheitene som ligg i utvikling av desse til gode aktivitetsareal og nærmiljøanlegg vert det ut frå m.a. innspel frå Idrettsrådet tilrådd at ein i plandokumentet legg følgjande føring fram mot vidare økonomiplanarbeid og nye byggeprosjekt for skulebygg:***
 - *Ved utbygging av skuleanlegg i kommunen må skulen sine uteområde/aktivitetsareal vurderast som ein del av skuleprosjektet og økonomisk grunnlag for opprusting/tilrettelegging for auka elevtal og nye aldersgrupper sikrast som del av utbygginga.***

 - *Behov for opprusting av eksisterande uteområde/aktivitetsareal ved skulane i kommunen er stort og det bør i komande økonomiplanrullering vurderast å sikre økonomisk grunnlag for ei opprusting som gjev grunnlag for tidlegare gjennomføring av dei aktuelle prosjekta ved Øyra-, Bratteberg-, Folkestad-, og Austeffjord skule.***

- 3. *Kommunestyret ber rådet for funksjonshemma i samarbeid med idrettsrådet å gå gjennom eksisterande anlegg med tanke på søknad om tilskot for oppgradering/tilrettelegging for funksjonshemma.***



FØREORD

I 1995 vart det utarbeidd ein tematisk Kommunedelplan for Idrett, nærmiljø og friluftsliv for Volda kommune. Planperioden var 1995 -1999.

Det vart i 1999 gjennomført hovudrevisjon av plan, med eigengodkjenning i Kommunestyret i oktober 1999. Ny planperiode 1999 – 2003.

I samsvar med gjeldande syklus for planrevisjon (4årsinterval) skal planen rullerast i 2003, med sikte på nytt handlingsprogram for perioden 2004 – 2008. Planen skal vere eit samordnande styringsverktøy for kommunen i ansvarsområdet idrett og friluftsliv. Planen skal vidare støtte statlege og fylkeskommunale vilkår for tildeling av spelemidlar til utbygging av anlegg og tilskot til aktivitetsfremjande tiltak.

Planen vil vere eit viktig dokument for idrettsrådet, politikarane og administrasjonen,

- ved ei samla oversikt over anlegg og aktivitet i kommunen
- som grunnlag for vurdering av ulike behov innanfor anleggsutbygging og aktivitetsfremjande tiltak

og gjennom dette kunne styre den offentlege innsats mot dei viktigaste satsingane innan sektoren både på kort og lang sikt.

Anleggsoversyn med behovsvurdering og planlagde tiltak går fram av vedlegg

Kommunedelplanen er viktig som informasjonsgrunnlag for Fylkeskommunen i arbeid med Fylkesdelplanen for idrettsanlegg , særleg innanfor kategorien større anlegg.

I samråd med Fylkeskommunen er det sett i gang ein prosess med sikte på rullering av planen. Kommunen har i prosessen søkt å sikre tilstrekkeleg medverknad frå brukarane, lag og organisasjonar og andre partar, slik at planen samsvarer best mogleg med faktiske behov og interesser.

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i juni 2003, og alle lag og organisasjonar samt skular og grendeutval er inviterte til innspel til planrevisjonen.

Det har også som lekk i planprosessen i samarbeid med M.R. Idrettskrets vore gjennomført ”Framtidskveld”, idedugnad der lag og organisasjonar var invitert til å drøfte status og prioritering av tiltak innan idrettsanlegg og aktivitetsfremjande tiltak i kommunen.

Planforslaget bygg elles på overordna mål i Kommuneplanen, tidlegare prioriteringar i plan for idrett og friluftsliv og innspel i planprosessen. Stortingsmelding nr. 14 (1999-2000) *Idrettslivet i endring*, Tilstandsrapport 2003-om idrett og fysisk aktivitet i Norge og kommunaldepartementet sin vegleiar ”kommunal planlegging for Idrett og Fysisk aktivitet”-V.0798, samt Fylkesdalplan for Idrett og friluftsliv er lagt til grunn.

Vedteken Kommunedelplan for Idrett-, nærmiljø og friluftsliv skal inngå i kommuneplansystemet og leggjast til grunn for kommunen sine prioriteringar innanfor dette fagområdet.



Volda, den 5.12.2003

Innholdsliste.

	Side
Føreord	3
Innholdsliste	4
1.0 Innleiing.....	6
1.1 Organisering	7
1.2. Føresetnader for planen	8
1.2.1 Andre kommunale rammevilkår	8
1.2.2. Kommunal planlegging og sikring av areal.....	9
1.2.3 Kommunale anlegg utbygging	9
1.2.4 Tilskotsordningar og garantiar	10
2.0 Målsetting	13
2.1. Hovudmålsetjing	13
2.2. Delmål	13
2.2.1 miljøomsyn og landskapsvern -.....	14
3.0. Handlingsplan for idrett og friluftsliv.....	15
3.1 Handlingsprogram 1999(95) – 2003 status	15
3.2 Utfordringar for planperioden 2004 – 2008	17
3.2.1 Virkemiddel	18
3.2.2 Prinsipp for godkjenning av utbyggingsplanar.....	19
3.2.3 Oppfølging av anlegg.....	19
4.0. Handlingsprogram.....	20
4.0.1 Prioriterte tiltak	20
4.0.2 Prioritering av anlegg og spelemiddelsøknader	21
4.1 Ansvar for utbygging og drift	22
5.0. Langsiktige oppgåver.....	22
<u>Vedlegg:</u>	
6.0. Tabell prioriterte tiltak kostnad/finansieringsopplegg	23-24
7.0. Idrettslag – medlemstal og aktivitetsoversyn sept.2003..	25-26
8.0. Temakart for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø	
(Volda sentrum, Austefjord, Folkestad m.Bjørkedal, Dalsfjorden, Mork/Berknes.).....	27-31
9.0 Anleggsregister idrett, friluftsliv,nærmiljø, status-behov	32-49
KRISS	50-53



Ikkje prenta vedlegg:

1. Kommunedelplan Idrett friluftsliv og nærmiljø 1999 – 2003.
2. Kommuneplan for Volda Kommune- Felles planføresetnader-, mål og retningsliner- langsiktig del 1996 – 2008.
3. Økonomiplan 2003- 2007, årsbudsjett 2003. (framlegg)
4. Kunngjering oppstart av planarbeid. Invitasjon til medverknad i planprosess. 03.04.03.
5. Invitasjon til ”Framtidskveld” – 29.09.032
6. Høyringsuttaler til oppstart av planrevisjon.
7. Oppsummering etter ”framtidskveld” – 07.10.03.
3. Forskrifter og reglar for stønad av spelemidlane til anlegg for idrett og friluftsliv 2003 – V0732
4. Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet- Kulturdep. V0798.
5. Næridrett i Møre og Romsdal – M.R. Idrettskrets.



1.0 Innleiing - om planrevisjonen.

Bakgrunn:

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv i Volda vart første gong utarbeidd i 1995, for planperioden 1996 – 1999.

Kommunedelplanen vart etter gjennomført planprosess i 1999 revidert og ny plan vart eigengodkjent av kommunestyret i sak 0085/99, den 21.10.1999, for planperioden 1999-2003.

Kommunedelplanen er eit samordnande styringsverktøy for denne delen av kommunen sitt ansvarsområde.

Planen skal vere ein reiskap for innbyggerane i Volda kommune og dei lag og foreiningar som organiserer arbeidet med idrett og mosjonsaktivitet i kommunen.

Vidare er planen eit viktig dokument for idrettsrådet, politikarane og administrasjonen, då den peikar ut dei viktigaste satsingsområda innan idrett og friluftsliv både på kort og lang sikt. Kommunedelplanen vil gje informasjons-grunnlag for fylkeskommunen sitt arbeid med *fylkesplanen for idrettsanlegg*. Fylkesplanen skal nyttast som styringsverktøy for utbygginga av dei store idrettsanlegga i fylket og avklare prioriteringane av desse anlegga.

Fylkeskommunen har eit samordningsansvar i høve til kommunane innan dette feltet.

Handlingsprogrammet i gjeldande Fylkesdelplan gjeld perioden 2000 –2003.

Planrevisjon står såleis føre og kommunedelplanen vår vil vere ein naturleg innspel til denne komande planrevisjonen.

Fylkeskommunen ved kulturavdelinga er invitert til innspel til planprosessen, men har ikkje hatt kapasitet til dette. Dei har uavhengig av dette blitt nytta som viktig fagleg rådgjevar i høve planen.

Planfaktorar - revisjon:

Planen omfattar heile Volda kommune, med eit samla areal på 547 km² og eit folketal på 8346 pr. 1.01.2003.

I tillegg er Volda ein viktig student/skulestad med om lag 2000 studentar.

Folketalet fordeler seg på Volda sentrum med 5444 innbyggerar pluss dei fleste studentane, Austefjordområdet med 546 innbyggerar, Folkestad (inkl. Straumshamn og Bjørkedal) med 663 innbyggerar, Dalsfjorden med 887 innbyggerar (Velsvik, Ulvestad, Dravlaus, Inselset, Åmelfot, Steinsvik, Dalsbygda) og Mork/Berknes med 772 innbyggerar. (pr. 1.01.2003)

Innbyggjartalet i kommunen har vist ein liten jamn vekst dei siste åra. All veksten skjer i sentrumsområde medan det er nedgang i folketalet på bygdene.

Framskrivning frå SSB tilseier ein framskrivning av folketalet i kommunen med ca. 0.5% det neste 10 år.

Vi er no inne i siste år av handlingsprogrammet i gjeldande plan og det er frå sentralt hald sett krav om revisjon av plan før ny handsaming av spelemiddel-søknader etter plan i 2004.

Ut frå dette har Kommunen sett i gang ny rullering av plan for neste planperiode, 2004 - 2008.

Konklusjonane i frå ”framtidskvelden” og innspela i frå lag og organisasjonar er såleis grunnleggjande faktorar for konklusjonane i høve planrevisjonen.

Friluftinteressene er spesielt ivaretekne gjennom den fagekspertise som kommunen sit inne med, og den registrering som er gjort gjennom arealdelen i kommuneplan, samt



-7-

fylkesdelplan med registrering av viktige lokale og regionale friluftsområder i kommunen.

For nærmiljøanlegg og leikeplassar har ein gjennom registrering og utarbeiding av statusrapport (kommunegartnar) etablert god samla oversikt både over anlegga og bruken av desse. Gjennom prosessen vil ein også kome nærare inn på betre samordning og fellesbruk av skuleanlegga/områda som viktige nærmiljøtiltak. Vurderingane i høve til desse vert gjort i samråd med den einskilde skule og skuleavdelinga i kommunen. Planprosessen og planframlegget søker å sette sterkare fokus på aktivitetsretta tiltak. Samfunnet sin generelle vinkling mot behov for auka fysisk aktivitet i høve til helse, trivsel, miljø og livskvalitet gir nye utfordringar. Ei auka satsing på fysisk aktivitet i skulen gir nye behov for tilrettelegging av skuleanlegga, både fysisk og i høve til fellesbruk utanom skuletid.

At ein stadig større del av fysisk aktivitet er knytt til uorganiserte tiltak og arenaer for slik aktivitet må vektleggjast.

Plan for idrett - og friluftsliv er integrert del av det kommunale plansystemet og skal fungere som eit styringsverktøy i arbeidet med å legge tilhøva til rette for menneskeleg trong til fysisk utfalding i heile kommunen. Omsynet til barn og unge vil stå sentralt i planarbeidet, og planen er søkt knytt opp til ungdomsplanen sine føresetnader.

1.1 Organisering :

Utgangspunkt for planarbeidet er gjeldande plan for Idrett, friluftsliv og nærmiljøanlegg, godkjent av kommunestyret den 21.10.1999 med tilhøyrande handlingsprogram.

Handlingsprogrammet har blitt rullert årleg i tilknytning til handsaming av søknader om spelemiddeltilskot. Sist den 11.12.2002 etter vedtak i Skule og Kulturutvalet i sak 0082/02.

Vedtak om oppstart av planrevisjon er gjort administrativt, med grunnlag i godkjent planprioritering i k-sak 011/03 den 10.02.2003.

Kulturkontoret og planseksjonen i kommunen gjennomfører planarbeidet i samråd med Idrettsrådet i kommunen.

Planoppstart vart kunngjort i juni 2003.

Kommunen har i prosessen søkt å sikre god medverknad frå alle lag og organisasjonar i kommunen, skular m.m., mellom anna gjennom direkte skriftleg melding om planoppstart og kunngjering i pressa.

Kommunegartnar, representant for barn og unge i planutvalet, repr. for kommunalteknisk avd. og skulesjef er trekt inn i planarbeidet etter behov.

M.R. Idrettskrets er knytt til planprosessen m.a ved gjennomføring av idedugnad 17.10.2003, "framtidskveld", der alle lag og organisasjonar i kommunen var invitert og der status og utfordringar for idrett og friluftsliv i kommunen var tema.

I tillegg har det vore gjennomført eit etterfølgjande møte med Idrettsrådet den 3.12.03 der førebels utkast til revidert plan og handlingsprogram vart drøfta.

Gjennom prosessen har ein altså søkt å oppnå ein plan som samsvarer best mogleg med faktiske behov og interesser, og ivaretek intensjonen i plan og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-5, jf. § 27-1.



1.2. Føresetnader for planen.

Planen bygger på gjeldande Kommuneplan og sektorplanar, og planarbeidet er organisert i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova. Planen har status som tematisk kommunedelplan.

Hovudsiktemålet med dette er:

- *Å markere at planarbeidet også innafor dette fagområdet er eit offentleg ansvar.*
- *Å sikre at dette feltet vert ivareteke på ein tilfredsstillande måte innanfor den generelle kommuneplanlegginga, og at planlegginga set anlegg og områder inn i eit heilskapleg perspektiv - der ein også tek omsyn til nærmiljø, bukvalitet og friluftsiinteressar.*
- *Å sikre at ein gjennomfører ein brei og god planprosess, slik Plan- og bygningslova krev.*
- *Å legge tilhøva best mogleg til rette for ein kvalitativ god plan, som kan fungere som eit styringsverktøy for det framtidretta arbeidet innan feltet.*
- *Å prioritere satsingar på kort og lang sikt slik at dette stimulerer til-, og gir høve til auka fysisk aktivitet innan friluftsliv og idrett for alle innbyggjarane i kommunen.*
- *Å fordele ansvar for planlegging-, tilrettelegging-, utbygging -, drift og vedlikehald av anlegga i kommunen.*

1.2.1 Andre kommunale rammevilkår:

Dei kommunale økonomiske ressursane som er avsett til direkte deltaking i idrettsarbeid er relativt avgrensa, grunna kommunen sine tronge økonomiske rammer. Kommunen sitt engasjement er såleis i det vesentlege knytt til etablering av plangrunnlag-, sikring av grunn, samt tilrettelegging for allmen aktivitet og friluftsliv gjennom utvikling av dei bustadnære natur og friluftsområda, og tilrettelegging av eit godt gang/sykelvegnett og turstisystem.

Kommunedelplanen er likevel svært viktig som eit grunnlag for prioritering av tilgjengelege midlar, kommunen sin arealplanlegging, og som grunnlag for prioritering av spelemiddelsøknader.

Volda kommune medverkar i idrettsarbeidet og friluftslivstiltak gjennom:

- Kommunal planlegging.
- Sikring av areal til idrettsanlegg - og friluftsføremål
- Opparbeiding av kommunale anlegg, herunder anlegg ved skulane
- Administrasjon og drift av Voldahallen-, og drift av skuleanlegga inkl. symjehallane.
- Garantiar for lån og spelemidlar
- Tilskot til lag og organisasjonar
- Hjelp til utarbeiding av spelemiddelsøknader og tilrettelegging for utbygging av anlegg i regi av laga.



1.2.2 Kommunal planlegging og sikring av areal.

I samsvar med Plan- og bygningslova skal arealdelen i Kommuneplanen gi retningslinjer for arealforvaltninga og angi natur- og friluftsområde, område for særskilt bruk og areal som skal bandleggjast for nærare gitte føremål. I denne samanhengen vil kommunen si planlegging vere eit viktig verkty for å sikre areal til idretts- og friluftsføremål. Jamfør PBL § 25 nr.4.

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, vil gje signal om behova for kommunalt engasjement på dette området.

Sikring av areal til idrett og friluftsområder/tiltak har vore ein vesentleg del av kommunen sitt bidrag til etablering av nye anlegg, og i samsvar med målsettinga i plan tek ein sikte på å føre vidare denne tradisjonen.

Dei prioriterte tiltak i plan for idrett og friluftsliv og kommuneplanen sin arealdel må følgjast opp ved reguleringsplanar og etterfølgjande sikring av grunn så langt det er grunnlag for dette i økonomiplan.

Det er innanfor dette området at framdrifta for ein del høgt prioriterte anleggstiltak i gjeldande plan har stoppa opp. Det gjeld til dømes arealsituasjonen rundt Volda Skisenter, der manglande planar og sikring av grunn stoppar vidare utbyggingstiltak. Dette gjeld både VTI-Nordisk sine planar for Lysløype Langrenn, Skisenteret sine planar om nye nedfartsløyper og alle planar for turløyper i området.

Det same gjeld for KFUM sine planar for sandvolleyball-baner, og Vestri/Volda Rideklubb sine planer for hestesportanlegg/ridebane i Volda.

Her vil kommunen ha eit særleg ansvar for tilrettelegging i komande planperiode. Detaljplanarbeid både for området ved Skisenteret (Reset) og for sandvolleyballbaner ved Årneset er allereie i gang. Formannskapet har også gjort vedtak om sterkare kommunalt engasjement for å få etablert hestesportanlegg i kommunen.

1.2.3 Kommunale anlegg utbygging:

For kommunale anlegg står kommunen for alle kostnader og nyttar seg så langt mogeleg av dei tilskotsordningar som finst til grunnverv, og til opparbeiding av anlegg, (spelemidlar).

Gjennomføring av fellesprosjekt mellom kommunen og grendelag om utbygging til grendehus med idrettsdel som del av skuleanlegg har gitt god felles utnytting av bygningar og anlegg og gitt grunnlag for tilskot til prosjekta i frå spelemidlane. Utbygging er no på gang på Folkestad skule/Grendehus.

Auka satsing på fysisk aktivitet i skulen stiller krav til uteområda ved skulane og utvikling av desse i kombinasjon med satsing på nærmiljøanlegg vil stå sentralt i komande planperiode.

I den grad utbygging skal skje i kommunal regi, skal grunnlag for finansiering av søknadsprosjekt til spelemidlane vere sikra i kommunalt budsjett eller økonomiplan. Tilrettelegging av slike anlegg som ein del av gode nærmiljøprosjekt vil kunne bidra til raskare gjennomføring-, auka bruk, og gje grunnlag for tilskot frå spelemidlar til utbygginga.

Oppgåvene innan denne sektoren er mange og store og sett i høve til tilgjengelege ressursar i økonomiplan vil full gjennomføring vere eit langsiktig prosjekt. Prioritering vil då skje med grunnlag i kommunedelplan ut frå samla vurdering i skuleavdelinga i kommunen.



Alle tiltak på skuleanlegg eller andre kommunale bygg skal vere klarerte gjennom Egedomsavdelinga i kommunen.

Gjennomføring av kommunale anlegg knytt til friluftsområder og friareal blir koordinert gjennom kommunalteknisk avd. og eventuelt godkjent av Driftsstyret.

1.2.4 Tilskotsordningar og garantiar:

Anleggstilskot:

Det har i tidlegare planperioder ikkje vore avsett kommunale midlar til direkte tilskot til utbygging av lags-eigde anlegg.

Kommunalt tilskot til nyanlegg ville styrke økonomien i større utbyggingsanlegg og redusere behovet for eigenkapital. Ein slik "førebyggjande" innsats frå kommunen ville minke risikoen for at t.d. garantiansvar vert gjort gjeldande.

Komande økonomiplanperiode gjev heller ikkje rom for slike anleggstilskot.

Drift og vedlikehald av anlegg:

Volda kommune eig og administrerer Voldahallen. Drift av Voldahallen hadde eit budsjett for 2003 med netto utgift på kr.790.000 og er planlagt oppretthalde med same nivå i planperioden. (Leige av Voldahallen har stått uendra sidan 1988).

Drift av kommunale anlegg som gang/sykkelvegar, turvegar, badeplassar og andre friområder skjer i kommunal regi.

Rektorane ved dei einskilde skulane forvaltar bruken av gym-salane etter skuletid.

Vedlikehald og tilsyn med skuleanlegga ligg til Egedomsavdelinga i kommunen.

Dei økonomiske rammene for vedlikehald av kommunen sine egne anlegg er tronge, noko som over tid kan føre til eit visst forfall.

Etablering av nye slike anlegg vil medføre behov for auka drift/vedlikehalds-kostnader.

Volda kommune har ikkje siste åra hatt økonomisk kapasitet til å yte stønad til drift og vedlikehald av anlegg som idrettslaga sjølve eig, ut over det som laga oppnår gjennom dei ordinære kulturmidlane.

Adminstrasjonen av Idrettsbygget ligg til Høgskulen i Volda.

Krav om kommunale garantiar:

For større anlegg er det i forskriftene for tilskot frå spelemidlane krav om kommunal garanti som sikring for spelemidlane. I særlege høve er det og krav om kommunal driftsgaranti.

Ved behov for lån til eigenkapital krev finansinstitusjonar kommunal garanti.

Volda kommune har ført ein relativt konsekvent politikk med omsyn til å gje kommunale garantiar for lån til nyanlegg, noko som har medverka til at planlagde byggeprosjekt har blitt realisert.

Ein slik politikk har medført at kommunen har teke ein relativt stor økonomisk risiko med omsyn til idretten sine investerings- prosjekt. Mange og store byggeprosjekt i regi av idrettslaga har gjennom innfriing av slike garantiar tidvis vore ei belastning for kommunebudsjettet.

Som fylgje av garantiordninga har Volda kommune ytt stønad til renter og avdrag på lån til fleire idrettsanlegg. Dette gjeld både baneanlegg til Austefjord, Folkestad, Dalsfjord, Mork, VTI og til anlegg ved Volda skisenter.



Kommunale garantiar for lån må i dag godkjennast av Fylkesmannen, slik andre kommunale låneopptak.

Nedanfor fylgjer oversikt over tilskot til idrettsanlegg gjennom direkte tilskot og innfriing av bankgarantiar i perioden 1995-2003:

	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Idrettslag	47 000	62500	60219	102046	50000		20000	71000	123 000
Symjehall	9 000	9000	9000	--	9000	----	----	----	----
Renter/ avdrag	96500	17.500	65127	73138	50000	----	----	----	----
Voldahallen:	320000	523000	559000	653700	517.000	515000	510000	712000	790000
Investering	90000	139000	123000	155000	80000	----	----	----	----
-drift	230000	384000	436000	498000	437000	515000	510000	712000	790000

(Kostnader med drift av skuleanlegga er ikkje med her).

Dei siste åra har talet på slike kommunale garantiar auka sterkt, oversikt over gjeldande garantiar fylgjer nedanfor:

Volda skisenter	kr. 1.083.368	(går fram til 2005)
Austefjord il (Bane/lys)	kr. 59.076	(går fram til 2010)
Volda Tennislage	kr. 529.545	(går fram til 2010)
Austefjord il (garder.)	kr. 90.812	(pr.31.12.99 til 2010)
Mork grendahus	kr. 156.432	(går fram til 2009)
Bratteberg grendahus	kr. 00	(fram til 2002)
P/L Vesttun	kr. 17.175	(fram til 2002)
VTI – Kunstgrasbane	kr. 884.399	(fram til 2008)

Tilskot frå spelemidlane – Kulturdepartementet:

Tilskot i frå spelemidlane utgjer ein vesentleg del av grunnlaget for utbygging av idrettsanlegg i Noreg.

Det vert normalt ytt inntil 33% tilskot til utbygging av ordinære idrettsanlegg og inntil 50% tilskot til Nærmiljøanlegg og ein del friluftslivsanelegg som har heilårsbruk.

Det er i dag og mogleg med tilskot til utstyr til visse anlegg og driftstilskot for større anlegg.

Idrett og Kultur skal overta ein større del av overskotet i frå Norsk Tipping, og det er venta at den totale potten til idrettsanlegg og aktivitetsretta tiltak vil auke i åra som kjem. Imidlertid har det lenge vore eit betydeleg etterslep i tilgjengelege midlar i høve til søknadsmengd. Dette vil nok framleis vere situasjonen i komande planperiode.

Spelemiddeltilskot til tiltak i Volda i perioden 1999 -2003:

1999	Div. mindre nærmiljøanlegg	kr. 84.000
	Stirydding/merking Volda Rotary/V.k	kr. 17.000
	Voldahallen rehabilitering	kr.312.000
	VTI – Alpin aktivitetsmidlar	kr. 20.000
2000	Austefjord il klubb/garderober	kr. 217.000
	Folkestad il /nytt toppdekke grusbane	kr. 55.000



-12-

	Volda /Ørsta pistolklubb	kr. 50.000	
2001	Voldahallen rehabilitering	kr. 115.000	
	Volda Skisenter garasjebygg (og 2002)	kr. 360.000	
	Bratteberg Grendahus spelemidler	kr. 500.000	
	Volda kommune- badeplass Årneet	kr. 110.000	
2002	V/Ø Skyttarlag el. Skiver Sollidalen	kr. 138.000	(rest kr 15.000)
	Bratteberg Grendahus	kr. 225.000	
	VTI –allianse – Kunstgrasbane	kr. 745.000	
2003	VTI – allianse – Kunstgrasbane	kr.	(kr 825.000 ikkje utbet.)
	Bratteberg grendahus	kr. 275.000	
	Kometland – tilkomstveg	<u>kr. 71.000</u>	(rest kr 25.000)

<u>Totalt utbet. Spelemiddeltilskot i perioden 99-03</u>	<u>kr. 3.294.000</u>
(innvilga midlar ikkje utbetalt rest)	<u>kr. 865.000</u>
	<u>Kr.4.159.000</u>

Aktivitetsretta midlar:**Kommunale kulturmidlar:**

Dette er i dag tilskot til idrett og andre kulturaktivitetar til hjelp for det frivillige arbeidet. Midlane er i dag nytta som reine driftstilskot.

Tildelinga skjer med grunnlag i eigne søknader og ut frå omsyn til aktivitet i laga og tiltak retta mot barn og unge.

I oversikta nedanfor framgår idretten sin del av kulturmidlane dei siste åra.

1998	1999	2000	2001	2002	2003
kr. 94 000	kr. 60 000	kr.00	kr. 30 000	kr. 50 000	kr.122 775

Midlane er små sett i høve til den store aktivitet som fins i alle laga i kommunen.

Aktivitetstilskot frå Idrettskretsen /Kulturdep.:

Sidan 2000 har Kulturdep. bevilga midlar til Idrettsforbundet øyremerka til aktivitetstiltak retta mot barn og unge.

Dette vert no administrert gjennom Idrettskretsane og Idrettsrådet i den einsskilde kommune. Denne ordninga har gitt følgjande direkte tilskot til idrettslaga i kommunen i perioden 2000 – 2003:

2000	2001	2002	2003
kr.165.000	kr. 174.000	kr.181.000	kr.213.000

Eit godt bidrag som er med på å sikre laga sin driftssituasjon og gje auka prioritering på tiltak som gjeld aldersbestemte klasser, rekruttering-, tiltak mot fråfall-, tilrettelegging for funksjonshemma og andre integreringstiltak.

Indirekte tilskot:

Idrettslag og foreiningar nyttar til ein viss grad dei kommunale skulane sine idrettsbygg, og leigesatsane er lave. Vidare vert mykje tilrettelegging for idrett og friluftsliv ivareteke gjennom friluftslivstiltak og tilrettelegging i friområde i regi av kommunen.



Dette vert å rekne for ei indirekte stønadsordning, og har stor verdi for dei mindre laga som ikkje har eigne anlegg og for ein stor del av den ikkje organiserte aktiviteten i kommunen.

2.0 Målsetjing.

Kommunen har som mål at alle som ynskjer det skal ha høve til å ta del i fysisk aktivitet ved idrett og friluftsliv der dei bur og ut frå eigne føresetnader og behov. Kommuneplanen slår fast at kommunen si oppgåve i samband med idrett og friluftsliv som delaktivitet innanfor kultursektoren er å *“legge tilhøva til rette, slik at alle som ynskjer det får høve til å delta i idrett, fysisk fostring og friluftsliv i nærleiken av bustaden sin og ut frå eigne behov.”*

Barne-og ungdomsplanen for Volda har mellom anna som hovudmål *”å legge til rette for eit positivt og byggjande miljø og stimulere til utfolding og eigenaktivitet hos barn og unge”*.

I handlingsprogrammet vert det lagt vekt på *”ei sterkare satsing på idrett og tilrettelegging for aktivt friluftsliv”* for å nå desse måla.

2.1 Hovudmålsetjing:

Trivsel og livskvalitet:

Volda kommune skal, gjennom ei medviten tilrettelegging for idrett, friluftsliv nærmiljøtiltak, medverke til å auke trivselen og livskvaliteten for alle aldersgrupper i kommunen.

Særlege omsyn:

Det er kommunen sitt ansvar å sikre areal til desse føremåla.

Det bør i perioden i tillegg til tilrettelegging for dei ordinære idrettsanlegga, leggjast særleg vekt på utvikling av nærmiljøet for bustadområda, tur- og badeområder, og tiltak for fremjing av friluftsliv og mosjonsidrett.

Målet er å skape betre vilkår for alle typar fysisk aktivitet og tilpasse tilbodet etter individuelle behov.

Ved all planlegging og opparbeiding av anlegg for idrett og friluftsliv skal omsynet til funksjonshemma brukarar vere vurdert og så langt mogeleg teke omsyn til.

Omsynet til estetikk, miljø og landskap skal vektleggjast i all planlegging og utbygging.

2.2 Delmål. (handlingsmål)

Kommunen sitt arbeid med idrett, nærmiljø og friluftsliv tek utgangspunkt i Kommuneplanen sine hovudprinsipp om tilrettelegging for fysisk aktivitet, og vil vere målstyrande føresetnader for prioriteringar i utbyggingstiltak og søknader om tilskot.:

- Kommunen skal tilretteleggje for eit aktivt idretts- og friluftsliv ved å delta i planlegging og prosjektering av slike anlegg. Det er eit kommunalt ansvar å verne om



og å sikre slike områder gjennom arealplanlegging i samsvar med Plan- og bygningslova sine retningslinjer.

- Skulen, idretten og friluftslivet sine behov for areal og anlegg bør samordnast så langt det er råd. Skuleanlegga bør kunne utnyttast også utanom skuletida og ha funksjon som nærmiljøanlegg for områda der skulen ligg.*
- Det må vere eit krav til framtidige reguleringsplanar og områdeplanar, at dei tek omsyn til behov for nærmiljøanlegg i bustadfelta og generelle friluftslivinteresser.*
- Nærmiljøanlegg bør inngå som ein integrert del av bustad- og skuleutbygginga i kommunen, og bør i størst mogleg grad verte finansiert saman med utbygginga.*
- Kommunen må vidareføre det vellukka arbeidet med å bygge ut tur- og stinettet i Volda, slik at det utgjer eit attraktivt system av grøne ferdselsårer i busettinga, skogen og i kulturlandskapet.*
- I forlenginga av dette bør det opprettast tursti- og løypenett i utmark for vinter- og sommarbruk, der start- og endepunkta er lett tilgjengelege.*
- Turnettet bør saman med gang- og sykkelvegane gi god og trygg tilkomst til utmark, sjø og vassdrag og bitte saman bustad- områda med idrettsanlegg, skular og barnehagar.*
- Kommunen skal medverke til å gjere areal og anlegg tilgjengelege for funksjonshemma.*
- Det skal takast omsyn til uorganiserte grupper sine behov for areal og anlegg til fysisk aktivitet.*

2.2.1 Miljøomsyn og landskapsvern:

- Det er ei klar målsetjing at anlegg og aktivitet innan idrett, nærmiljø og friluftsliv må planleggjast og gjennomførast ut frå omsynet til natur og miljø.*
- Kommunen bør legge særleg vekt på å verne om opne vassdrag og sikre tilkomsten til desse for flest mogleg grupper utan at det går ut over verneomsynet.*
- alle typar anlegg må setjast inn i ein estetisk dimensjon, slik at dei passar inn i dei rammene landskapet og nærmiljøet set.*
- Tilrettelegging for sosiale arenaer og møtestader i tilknytning til idrettsanlegg, bustadfelt og kulturbygg.*



3.0 Handlingsplan for idrett og friluftsliv

3.1 Handlingsprogrammet 1995 – 2003, status ved utgangen av inneverande planperiode:

I vedtatt handlingsprogram for førstegongs plan (1995) var det med i alt **26 ulike prioriterte anlegg:**

8 nyanlegg for idrett:

Volda Tennislager – ny tennishall - ferdig m. spelemidler
VTI – utbetring/utviding Lysløype langrenn, ikkje gjennomført
Volda skisenter/VTI – skileikområde, - ikkje gjennomført
Skytebane i Sollidalen, (ulike baner) – ferdig m/dfs -midlar
Austefjord il – Opprusting/nytt klubbhus – ferdig m. spelemidler
Volda Stadion – sikring av grunn/ny gras/kunstgrasbane, -ferdig- kommunen

Orienteringskart – Volda sentrum, ikkje gjennomført

Hestesportanlegg Volda sentrum, ikkje gjennomført, (innteke i kommunedelplan Volda sentrum).

5 rehabiliteringsanlegg:

Fotballbane Hjartåbygda, ferdig m/spelemidler
Leikeplassar Rotset og Storgt. (2), ferdig kommunale midlar
Bade plass Munken, ferdig kommunale midlar
Hoppbakke Reset, ikkje gjennomført.

9 friluftslivs anlegg :

Elvadalen sikring av grunn, Opparbeiding – sikring av grunn gjennomført
Opparbeiding gjennomført med ulike tilskotsmidlar og komm. midlar
Botnasande bade plass – sikring av grunn/opparbeiding, ikkje gjennomført
Elvadalen –Årneset sikring av areal/ opparbeiding , ferdig m spelemidler
Friluftsområde Berkneset, ikkje gjennomført
Parkering friområde Åmelfotdalen, ikkje gjennomført
Turstiar i Austefjord, ikkje gjennomført
Skiløype Reset – Kleppesætra, ikkje gjennomført

4 nærmiljøanlegg:

Friluftsanlegg Mork, - plan utarbeidd
Skileikbakke Ulvestad, ferdig m spelemidler
Friområde/leie plass Raudemyrvegen, ferdig m Spelemidler
Aktivitetspark Øyra skule, ikkje gjennomført – (grunn sikra 2003)

I etterfølgjande plan-perioder har det ved rullering av plan (*hovedrullering i 1999 og årleg rev. av handlingsprogram*) blitt tatt inn følgjande nye anlegg/tiltak i handlingsprogrammet:



Voldahallen - rehabilitering (arbeidet ferdig i 1999 m. spelemidler)
Volda skisenter flytting av toppstasjon, ferdig 1998 m. spelemidler
Badeplass Årneset - fullført i 1999 m. spelemidler
Bratteberg grendehus - ferdig 1999, m. spelemidler og kulturhusmidlar

Folkestad il - rehabil. fotballbane (dekke) ferdig 1999 m. spelemidler
Volda Skisenter – garasjebygg- fullført 2001, m. spelemidler
Volda Stadion – kunstgrasbane, ferdig 2002, m. spelemidler
Volda Stadion - kunstgrasbane- lysanlegg, ferdig 2002, m. spelemidler
Volda Stadion – treningsfelt grus m lys, ferdig 2002
(ikkje tild. spelemidl.enno- kjem truleg i 2004)

Varmtvassbassenget – rehabilitering av garderober, ferdig 2002,
u. spelemidler.

Sollidalen skytebane – elektroniske skiver, ferdig 2002, m. spelemidler
Elvadalsprosjektet Årneset badeplass opparbeiding , ferdig 2000, m.
spelemidler.

Elvadalsprosjektet Årneset badeplass- sanitærbygg, ferdig 2001, m.
spelemidler

Elvadalsprosjektet – tursti Volda Stadion –Årneset, ferdig 2002,
Ikkje tildelt spelemidler enno, men førehandsgodkjent.

Elvadalsprosjektet – tursti Volda stadion – Rotsetstranda (ikkje
oppstarta/grunn ok, førehandsgodkjent)

Tursti – Kleppeåsen – Kometland, ferdig 2003, m. spelemidler

Symjehallane i skular, rehabilitering av symjehallane i kommunen
(skuleanlegga) gjennomført i 2002-2003.(utan spelemiddeltilskot)

Rehabilitering av Symjehallen og Idrettsbygget (Statsbygg) gjennomført utan
spelemiddeltilskot.

Voldahallen – Nytt inngangsparti/Sosialt rom (ikkje gjennomført)

Dravlus il – nytt dekke fotballbane, (ikkje gjennomført)

Uppheimstomta – div aktivitetsanlegg, (ikkje gjennomført)

Folkestad skule – grendehus/idrettsbygg, (under bygging)

Nærmiljøanlegg – Folkestad Skule, (ikkje gjennomført)

KFUM – Sandvolleyballbaner, (ikkje gjennomført)

Konklusjon:

Ein svært stor del av dei prioriterte tiltaka i gjeldande plan er gjennomført.

Registreringane i fyrstegongsplanen og ved hovudrullering i 1999 hadde ikkje fanga opp alle aktuelle tiltak, noko som har medført stor endring av prioritert handlingsprogram i perioden.

Vidare gav nye reglane for tilskot til rehabilitering nye utfordringar i perioden. Særleg gav nye krav til symjehallar, med tidsfrist for gjennomføring, endra føresetnader.

For mindre anlegg er det opna for å ta inn endringar i handlingsprogrammet ved den årlege rulleringa av plan. Dette har blitt gjort kvart år i ved ny søknadsrunde for tilskot frå spelemidlane.



-17-

Ikkje gjennomførte tiltak: Ein del prioriterte anlegg i tidlegare plan hadde for dårleg prosjektavklaring og mangla grunnavtalar og finansiering ved oppføring i handlingsprogrammet, og har av den grunn ikkje kome til gjennomføring.

Dette gjeld m.a. følgjande anlegg:

Aktivitetspark Øyra skule - ikkje gjennomført grunna manglande heimel til areal og eigenkapital. (grunn er no sikra)

Lysløype Reset - manglande grunnavtalar har hindra igangsetting.

Botnasanden badeplass. Utsett p.g.a. manglande grunnavtale og plan

Friluftsområde Berkneset. Området sikra ved kommunalt kjøp, opprusting /opparbeiding ikkje sett i gang.

Ski/turløype Reset - Kleppesetra. Mangel av grunnavtale hindrar igangsetting.

Åmelfotdal p-areal ved utfartsområde. Manglar grunnavtale og finansiering

Hestesportanlegg i Volda - manglande planar og grunnavtalar

Sandvolleyball-baner - manglande planar og grunnavtalar

Ved planrevisjon bør ein såleis vere spesielt merksam på dei problem som manglande arealplanar og grunnavtalar kan medføre. Kommunen vil ha eit særleg ansvar for avklaring av desse spørsmåla både for kommunale tiltak og for dei lags-eigde anlegga. Dei kommunale tiltak som vert prioritert i handlingsprogrammet må kunne finansierast innafør rammene i vedteken økonomiplan/årsbudsjett.

3.2 Utfordringar for planperioden 2004-2008

Ei viktig utfordringa ved utarbeiding av plan for fysisk aktivitet og utbygging av anlegg for idrett og friluftsliv er å få fram god oversikt over eksisterande anlegg-, og sikre god avklaring av behov-, for så å kunne samordne og målrette prioriteringane mot dei viktigaste utbyggingstiltaka.

Dette er naudsynt dersom ein skal få til ei effektiv styring av den kommunale innsatsen, og sikre eit godt og forutsigbart grunnlag for prioriteringar av søknader om spelemiddeltilskot.

Ei kopling av idrettsplanen mot kommuneplansystemet (økonomiplan og arealdel) er ein vesentleg føresetnad for måloppnåing i dei tiltak som krev kommunalt engasjement.

Det er elles ei utfordring å legge tilhøva til rette for å stimulere dei frivillige lag og organisasjonar sitt arbeid med utbygging og drift, då desse er den største bidragsytar til aktivitet og utbygging av anlegg innan idretts-sektoren.

I dette arbeidet må ein vere open for raske endringar og planen må vere fleksibel i høve til prioritering/rangering mellom prosjekt, då dette ofte kan svinge fort ut frå satsinga i frå laga si side.

Ein må vere opne for nye aktivitetar som dukkar opp-, og at ein del anlegg der aktiviteten er redusert/borte kan omdefinierast og gjevast ein endra bruk.

Ein må også vere opne for at ein stadig store andel av fysisk aktivitet er uorganisert og skjer på andre areanaer enn det som tidlegare har vore tradisjon.



Vektlegging av fysisk aktivitet og idrett i forebyggende helsearbeid har eit stadig aukande fokus. Ein vil såleis i komande periode ha behov for å planlegge og tilrettelegge for aktivitet ut frå eit mosjons og helseperspektiv enn ut frå tradisjonell idrettsanleggstenking.

Satsing på tilrettelegging av sentrumsnære friområder/friluftsområder, auka satsing på nærmiljøanlegg (herunder auka bruk og oppgradering av skuleområda) vil måtte prioriterast.

3.2.1 Virkemiddel

Offentleg tilrettelegging av aktivitetsareal:

Utfordringane tilseier at tilrettelegginga for fysisk aktivitet stadig vil få eit sterkare offentleg ansvar.

Tilrettelegginga for dei uformelle arenaer i nærmiljøanlegg-, bustadnære natur og friområder-, turstiar-, parkar og eit godt gang og sykkelvegnett, samt opprusting og auka bruk av skuleanlegga vil vere viktige faktorar.

Innsatsen mot kommunalt engasjement i slik utbygging/tilrettelegging vert samordna gjennom kommunen sin **økonomiplan og årsbudsjett**.

Dette vil såleis vere kjende rammefaktorar for kommunalt engasjement i høve anleggsutbygging, gjennom prioritering av offentlege arealplanar-, og avsette midlar til grunnerverv og utbygging.

Planlegging/sikring av areal

Behov for areal til leik, idrett og friluftsliv må sikrast gjennom kommuneplanen sin arealdel, følgjast opp i detalj- og reguleringsplanar, og sikrast gjennom grunnavtalar med langsiktig leige eller kjøp.

Areal til leik, idrett og friluftsliv må sikrast ein sentral plass i samband med planlegging av nye bustadområde.

Mange av friluftsområda ligg i utmark og i fjellområder, i kommuneplanens arealdel karakterisert som LNF-området, sone A. Friluftsområda er gjennom dette sikra mot utbygging, men konflikstar i høve til jordbruk-/skogbruks-interesser er ikkje spesifikt avklara. I tilknytning til friområde og friluftsområder vil det vere behov for tilrettelegging med areal til parkering.

Dei viktigaste friområda og badeplassane ved sjøen er registrerte og planmessig sikra i kommuneplanen og kystsoneplanen. Sikring av tilgang til områda ved grunnavtalar/kjøp bør prioriterast.

I området ved Volda Skisenter er aktiviteten etter kvart så stor at sikring av grunn og rettar i heile området bør avklarast. Dette vil få fortgang i utvikling av området og gje grunnlag for at den store aktiviteten i dette viktige vinter-utfartsområdet kan vedvare. Utarbeiding av **"Markaplan"** for områda rundt Volda sentrum etter t.d. modell frå Molde kommune, kan vere eit godt virkemiddel for å avklare konflikter i bruk av areala mellom friluftslivinteresser/natur og miljø/landbruk og skogbruksinteresser, og skilje mellom tilrettelegging og vern.

Spelemidlar er ei av de viktigaste finansieringskjeldene for anlegg for idrett og friluftsliv. Kommunedelplan skal leggast til grunn for prioritering av søknader om tilskot frå spelemidlane.

Anlegg i Volda kommune kan oppnå inntil 33 % (1/3) tilskot frå spelemidlane, avgrensa til ulike maksimale tilskotssatsar etter type anlegg. For nærmiljøanlegg kan



det oppnåast inntil 50 % tilskot. (maks kr. 600.000 fordelt på delanlegg med maks. kr. 200000 i tilskot pr. delanlegg.)

Kommunale garantiordning for lån er viktige verkemiddel i høve til anleggsutbygging i lagsregi.

Kulturmidlane i frå kommunen gjev eit lite men viktig bidrag til laga sin drift.

Aktivitetssmidlar fordelt gjennom Idrettsråd/idrettskrets gjev årleg tilskot ut frå aktivitet.

Eigeninnsats lag og organisasjonar:

Den største ressursen innan utbygging av anlegg er truleg den økonomiske innsats som laga sjølv bidreg med gjennom opparbeiding av eigenkapital til utbygging og drift og dugnadsinnsats i samband med dette. Dette utgjer 2/3 av anleggsutbygginga og alle driftskostnader.

I samarbeid med Idrettsrådet bør ein søkje å bidra til utvikling av kompetansen i laga gjennom opplæring innan området planlegging av anlegg og spelemiddelsøknader.

Sponsing ved økonomisk bidrag i frå det lokale næringsliv bidreg også sterkt til laga sine utbyggingsaktivitet.

”Øl- midlane .

Gjennom eigenpålagt tilskot i frå forretningar i Volda som sel øl i daglegvarehandel vert det årleg tilført idrettslaga mellom 100 – 200.000 kr.

Dette kan det søkjast tilskot i frå av alle laga i kommunen. Tilskota vert tildelt av eit styre nedsett av forretningane sjølve.

3.2.2 Prinsipp for godkjenning av utbyggingsplanar

(Førehandsgodkjenning av idrettsanlegg)

Ved søknad om tilskot frå spelemidlane skal det ligge ved førehandsgodkjente planar. Det er kommunen sitt ansvar å godkjenne planar for dei fleste typar idrettsanlegg, med unntak av større hallanlegg og spesialanlegg. For desse er godkjenningsansvaret lagt til Fylkeskommunen/departementet.

Kulturdepartementet gjev forskrifter for kommunen si handsaming av planar og søknader om tilskot frå spelemidlane.

Den kommunale godkjenninga skal omfatte:

*Idrettspolitiske tilhøve, Idrettsfaglege tilhøve, Anleggstekniske tilhøve
Estetiske og miljømessige sider ved planane og økonomisk grunnlag.*

Førehandsgodkjenning av planar kan skje når som helst gjennom heile året.

Idrettsavdelinga i Fylkeskommunen er rådgjevarar for kommunen i slike saker.

Førehandsgodkjenning av anleggsplanar som skal godkjennast av kommunen er delegert til administrasjonssjefen.

3.2.3 Oppfølging av anlegg

Etter gjeldande forskrifter for anlegg som får stønad frå spelemidlane, har kommunen eit overordna ansvar og følgjande i tillegg til utarbeiding av kommunedelplan for idrett og friluftsliv i kommunen:

:

- årleg oppgradering av anleggsregisteret (KRIS)
- krav om kommunal garanti for ein del større anlegg



-20-

- rettleiing til lag og organisasjonar i prosjektering og søknadshandtering
- teknisk godkjenning av anleggsplanar og grunnlag for søknader
- ansvar for utbetaling av tildelte spelemidler
- revisjonskontroll av anleggsrekneskap
- kontroll av og attestasjon på at anlegg er utført i samsvar med godkjende planar
- ansvar for at tilgjenge til anlegga fungerer etter intensjon, og at vilkår for drift og vedlikehald av anlegga vert oppfylt.

4.0 Handlingsprogram 2004 - 2008.

Handlingsprogrammet skal gi ei oversikt over kommunens prioritering sett med omsyn til tiltak retta mot fagområdet idrett og friluftsliv, og prioritering mellom anleggstiltak som er planlagt utbygd og sett i gang i komande fireårs- periode. Tiltaka i handlingsprogrammet er oppsett i prioritert rekkefylgje.

For at eit anlegg skal få spelemidler som delfinansiering, er det eit formelt krav at eit prosjekt er prioritert i handlingsprogrammet i kommunedelplanen.

Alle søknadsprosjekt skal vere førehandsgodkjent før tilskotsøknad kan sendast inn og før arbeid kan settast i gang.

4.0.1 Prioriterte tiltak: (jf. målsettingar i plan):

Prioriteringar av kommunale midlar til sektoren og prioritering av søknader om tilskot frå spelemidlane skal gjerast med grunnlag i denne kommunedelplanen , retningsliner frå Kulturdep. og i samråd med Idrettsrådet i kommunen. Aktivitetar som er i samsvar med NIF si grunnhaldning til barne- og ungdomsidrett, mosjons- og trimtiltak og aktivitetar som er retta mot særskilde risikogrupper i lokalmiljøet skal vektleggast.

Kommunen vil sikre areal til prioriterte idrett og friluftslivsanlegg avsett i denne kommunedelplan i kommuneplanens arealdel og i reguleringsplanar, og bistå laga med grunnerverv innanfor rammer avsett i økonomiplan/-årsbudsjett.

Kommunen vil innanfor økonomisk rammer i økonomiplan og budsjett etter nærare vurdering stille naudsynte kommunale garantiar for spelemidler og for bankgarantiar til eigenkapitallån, for prioriterte anlegg i plan.

Kommunen vil sjå til at skulen, idretten og friluftslivet sine behov for areal og anlegg vert samordna så langt det er råd. Skuleanlegga skal kunne utnyttast også utanom skuletida og ha funksjon som nærmiljøanlegg for områda der skulen ligg. Kombinasjonsbygg i samarbeid mellom kommune og grendalag skal prioriterast.

Kommunen vil i planperioden vidareføre arbeidet med tilrettelegging for mosjon og friluftsliv gjennom utvikling av tur- og stinettet i Volda, slik at det utgjør eit attraktivt system av ferdselsårer for vinter- og sommarbruk i busettinga, skogen og i kulturlandskapet.



Kommunen vil ved førehandsgodkjenning og ved godkjenning etter PBL sjå til at forskriftene sin intensjon om tilrettelegging for funksjonshemma vert ivareteke.

Kommunalt Råd for funksjonshemma skal høyrast.

Ansvar for førehandsgodkjenning av planar som skal godkjennast av kommunen vert delegert til administrasjonen.

Kommunen skal gjennomføre ei årleg rullering av handlingsprogrammet i plan.

Ansvar for den årlege rulleringa vert lagt til **Eigedom og forvaltningsstyret** og vil bli samordna med årleg handsaming av søknader om tilskot frå spelemiddlane

4.0.2 Prioritering av anlegg og søknader om spelemiddeltilskot i perioden:

(Sjå skjema for handlingsprogram med tid for gjennomføring i perioden)

I kommunedelplanen vert det gjort prioriteringar for kvar av dei to hovudkategoriane:

- idrett- og friluftslivsanlegg og - nærmiljøanlegg.

Idrett og friluftslivsanlegg:

- | | |
|---|---|
| 1. VTI – Allianse/Fotball | - Treningsbaner og Lysanlegg (Fornya søknad) |
| 2. Bjørge Skyttarlag | - Elektroniske skiver m.m |
| 3. Volda kommune | -Tursti Volda Stadion – Årneset (fornya søknad) |
| 4. Volda kommune | - Tursti Volda Stadion -Rotsetstranda (fornya søknad) |
| 5. Folkestad grendahuslag | - Idrettsbygg (søkjer og kulturhusmidlar |
| 6. Volda skisenter | - planavklaring og sikring av grunn, (til alpinanlegg, lysløype/turløype og skileikområde). |
| 7. Volda skisenter | - utbygging av anlegg -utsifting trekk/påstign.stasj. |
| 8. KFUM –Volda | - Sandvolleyball-baner, planl. og sikring av grunn. |
| 9. VTI – Nordisk | - Utbygging av ski/lysløype Reset, del I omarbeiding/opprusting av eksisterande anlegg. |
| 10. Volda /Ørsta Pistolklubb | - elektroniske skiver treningsbane |
| 11. Volda Skyttarlag | - innandørsbane ved Øyra skule, opprusting |
| 12. Dalsfjord il/Dravlaus skule | - rehabilitering av banedekke |
| 13. Volda skisenter/VTI/Kommunen | -Tur/skiløype Reset – Kleppesetra |
| 14. VTI-Allianse/Fotball | - opprusting av gamle klubbhuset Volda stadion |
| 15. Volda skisenter | - nye nedfartsløyper opparbeiding |
| 16. KFUM – Volda | - Sandvolleyball-baner - opparbeiding |
| 17. Volda Rideklubb/Vestri | - Ridebane i/ved Volda sentrum, planavklaring og sikring av grunn-opparbeiding, ikkje kostnadsrekna |
| 18 Volda Skyttarlag | - samarbeidsprosjekt alle skyttarlaga i Sollidalen og HV, om lagshus. Total kostnad ca. 3mill. Ca. 1/3 på Volda Skyttarlag. |
| 19 Volda skisenter | - skileikanlegg/barnetrekk |
| 20 VTI – Nordisk | - Utbygging av ski/lysløype Reset,del II- utviding løype og flytting av skistadion |
| 21 I.Dalsfjord grendalag | -Åmelfot – tilrettelegging for utfartsområde |
| 22 Folkestad grendautval | - Folkestaddalen – diverse friluftslivstiltak |
| 23 Berknes | - tilrettelegging i friluftsområde/festn.anlegg |
| 24 Volda kommune/VTI | -Tur /skiløype – Rotevassdalen |

Nærmiljøanlegg:

- | | |
|--------------------------------------|------------------------------|
| 1. Vestsida il/Ulvestad skule | - nærmiljøanlegg – ballbinge |
| 2. Mork il/Mork skule | - nærmiljøanlegg – ballbinge |
| 3. Volda Ungdomsskule | - nærmiljøanlegg – ballbinge |



-22-

- | | |
|--|-------------------------------------|
| 4. <i>Austefjord il/Austefjord skule</i> | - nærmiljøanlegg – aktivitetsområde |
| 5. <i>Øyra skule</i> | - nærmiljøanlegg – aktivitetsområde |
| 6. <i>Bratteberg skule</i> | - nærmiljøanlegg – aktivitetsområde |
| 7. <i>Folkestad skule</i> | - nærmiljøanlegg – aktivitetsområde |

Innanfor området idrett og friluftslivstiltak og nærmiljøanlegg vil den endelege prioriteringa skje ved den årlege søknadsrunden om tilskot frå spelemidlane, i prioritering mellom godkjende søknader. Prioriteringa ovanfor mellom tiltaka nemnde i pkt. 7-24 for idrettsanlegga og 3-7 i nærmiljøanlegga er såleis ikkje endeleg, men vil avhenge av i kva grad det einkilde prosjekt vert klarert planmessig og økonomisk i perioden. Slik rokking mellom tiltaka vil skje ved den årlege rulleringa av handlingsprogrammet.

4.1 Ansvar for utbygging og drift av anlegga og ansvar for søknader om tilskot frå spelemidlane fordeler seg slik:

Nærmiljøanlegg/leikeplassar:

Kommunale anlegg: **kommunalt ansvar** for planlegging-, søknader-, utbygging og drift. Kommunalteknisk avd. v/komm.gartnar.

Skuleanlegg: **kommunalt ansvar**, ligg til Eigedomsavdelinga etter samråd med den einkilde skule og skuleavdelinga. Gjeld planlegging-, søknader-, utbygging og drift. Ev. gjennom avtale med lag/org.

Andre nærmiljøanlegg: **anleggseigar** (grendalag/idrettslag etc) har ansvar for planl., søknader, utbygging og drift.

Vi reknar med fleire søknader på mindre nærmiljøanlegg i perioden(kostnad under 200.000). Desse kan søkje tilskot frå spelemidlane direkte, gjennom heile året.

Anlegg til friluftsmål:

Kommunen, grendalag og private lag/org./priv.pers.

For anlegg der kommunen skal ha eit engasjement vil Kommunalteknisk avd., v/kommunegartnar ha ansvar for søknader, opparbeiding og drift.

Idrettsanlegg: **Anleggseigar** har ansvar for søknader, utbygging og drift.

Kommunen vil, så langt økonomiske ressursar og personellressursar gjev høve til det, bistå i høve til private anlegg/tiltak som er prioriterte i plan gjennom:

planavklaring, sikring av grunn, hjelp til fremjing av spelemiddel-søknader, kommunale garantiar for lån og ved tilskot frå kulturmidlar

5.0 Langsiktige oppgåver.

Med utgangspunkt i dei behova som er avdekte i tidlegare plan og gjennom innspel no ved revisjon, har vi sett opp ei uprioritert liste med ei oversikt over dei mest aktuelle utbyggingsoppgåvene innanfor idretts-, nærmiljø- og friluftssektoren dei komande ti til tolv åra.

Av større tiltak som ikkje er funne plass til i handlingsprogramet for komande fire-årsperiode, men som bør vere aktuelle som langsiktige mål for utviklinga i kommunen er registrert og sett opp i ikkje prioritert rekkefølge:

- *Utbygging av hall-kapasiteten i kommunen*
- *Velferdsbygg/klubbhus ved Sollidalen skytebane(fellestiltak V/Ø/H)*
- *Rehabilitering av Volda stadion-grasbana og friidrettsanlegg.*



-23-

- *Tursti/skiløype Reset – bustadfeltet Bratteberg/RH.*
- *Voldahallen - nytt inngangsparti/sosialt rom.*
- *Opprusting av skuleanlegg*
- *Reset - Vidare utbygging av alpinanlegget med nye nedfartsløyper*
- *Småbåt plassar - Utbygging av småbåthamnkapasiteten. Tilrettelegging for småbåtbruk gjennom etablering av gjestehamner og oppankringsplassar*
- *Sikring av friluftsområder i Volda.- (auka satsing på vern og sikring av store, samanhengande friluftsområder).*
- *Utarbeiding av "Markaplan" for utmarksområda/friluftsområda rundt Volda sentrum inklusivt Informasjonsmateriell/turkart*
- *Fullføring av turveg rundt Rotevatnet.*
- *Plan for Skøytebane på Uppheimsplassen*
- *Ny rullebrettsrampe i/ved Volda sentrum*